



Helgesen Teknisk Bygg  
Jakob Aglen  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/10358 - 20/36906

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
17.06.2020

## Ferdigattest tilbygg idrettshall - gbnr 424/61 og 274 Bø

**Administrativt vedtak:**                      **Saknr: 626/20**  
**Tiltakshavar:**                      Hordabø Idrettslag  
**Ansvarleg søkjar:**                Helgesen Teknisk Bygg  
**Søknadstype:**                      Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg idrettshall i form av lager på gbnr 424/61 og 424/274.**

**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka (rammeløyve) datert 06.08.2019. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 27.05.2020.

### Skildring

Adresse:	Radøyvegen 2795
Bygningstiltak:	Tilbygg idrettshall
Bygningsnummer:	13278482-1

Bruksareal:	180m <sup>2</sup>
Avlaup:	Offentleg
Vatn:	Offentleg

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/10358

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Helgesen Teknisk Bygg

5281

VALESTRANDSFOS

Hordabø Idrettslag

Radøyvegen  
2975

5937

SEN  
BØVÅGEN